

# **PLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG KULTURANLEGG I SUNNHORDLAND**

## **2016-2020**



# **Plan for regionale idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020**

<b>1.</b>	<b>INNHOLD</b>	
1.1	<b>BAKGRUNN OG FØREMÅL</b>	Side 3
1.2	<b>MANDAT</b>	" 3
1.2.1	Kriteria for regionale anlegg	" 3
1.3	<b>DEFINISJON AV REGIONALE ANLEGG</b>	" 3
1.4	<b>ORGANISERING</b>	" 3
1.4.1	Arbeidsgruppa ved revidering	" 3
1.4.2	Definisjon av regionen	" 4
1.5	<b>METODE</b>	" 4
1.5.1	Anlegg for idrett, friluftsliv og kulturanlegg	" 4
<b>2.</b>	<b>PROSJEKT/ANLEGG FOR IDRETTS, FRILUFTSLIV OG KULTURANLEGG</b>	" 4
2.1	<b>STATUS SOM REGIONALE IDRETTSANLEGG</b>	" 5
2.2.	<b>PRESENTASJON AV REGIONALE IDRETTSANLEGG</b>	" 5
2.2.1	Bømlo Dykkaranlegg, Bømlo	" 5
2.2.2	Badeanlegg, Bømlo	" 5
2.2.3	Bømlo Motorsport senter	" 5
2.2.4	Storhall, Bømlo	" 6
2.2.5	Hardanger og Sunnhordland motorsportssenter	" 6
2.2.6	Fjellhaugen Skisenter, Kvinnherad	" 6
2.2.7	Kvinnherad Rosenter, Kvinnherad	" 6
2.2.8	Stord Hestesportssenter, Stord	" 7
2.2.9	Motorsportssenter/crossenter, Stord	" 7
2.2.10	Sunnhordland sjøsportssenter, Stord	" 7
2.2.11	Skeisebane på Vikahaugane, Stord	" 8
2.2.12	Turnhallen på Vikahaugane, Stord	" 8
2.2.13	Helsesportløypa i Prestagardsskogen – rulleskianlegg, Stord	" 8
2.2.14	Sveio Golfpark, Sveio	" 9
2.3	<b>IDRETTSANLEGG SOM REGIONEN BØR HA SOM MÅLSETTING Å BYGGJA</b>	" 9
2.3.1	50 m. symjebasseng	" 9
2.3.2	Hall for eigenorganisert aktivitet	" 9
2.4	<b>KVIFOR EINSKILDE TYPAR ANLEGG IKKJE ER TEKEN MED</b>	" 9
2.4.1	Regional skytebane	" 9
2.4.2	Regionalt anlegg for friidrett	" 9
<b>3.</b>	<b>FRILUFTANLEGG/OMRÅDE</b>	" 10
3.1	<b>DEFINISJON AV REGIONALE FRILUFTSANLEGG/OMRÅDE</b>	" 10
3.2	<b>REGIONALE ANLEGG FOR FRILUFTSLIV</b>	" 10
3.2.1	Nordsjøløypene	" 10
3.2.2	Nordsjøsykkelruta	" 10
3.2.3	Postvegen	" 11
3.2.4	Etnefjella	" 11
3.2.5	Friluftsområdet Bondhusdalen	" 12
3.2.6	Folgefonna Nasjonalpark	" 12

<b>4</b>	<b>KULTURHUS/BYGG</b>	"	<b>12</b>
<b>4.1</b>	<b>OVERSIKT OVER KULTURHUS/SENTER I SUNNHORDLAND</b>	"	<b>12</b>
<b>4.2</b>	<b>PRESENTASJON OVER KULTURHUS/SENTER I SUNNHORDLAND</b>	"	<b>12</b>
4.2.1	Bømlo kulturhus	"	12
4.2.2	SKAKKE - senter for skule-idrett-kultur	"	13
4.2.3	Fitjar kultur og idrettsbygg	"	14
4.2.4	Kvinnherad Kultursenter	"	14
4.2.5	Stord kulturhus	"	15
<b>4.3</b>	<b>DEFINISJON SOM REGIONALE KULTURANLEGG</b>	"	<b>15</b>
<b>4.4</b>	<b>STATUS SOM REGIONALE KULTURANLEGG</b>	"	<b>16</b>
<b>4.5</b>	<b>PRESENTSASJON AV REGIONALE KULTURANLEGG</b>	"	<b>16</b>
4.5.1	Marstein Fyr, Austevoll	"	16
4.5.2	Visningssenter for fiskeri og havbruk, Austevoll	"	17
4.5.3	Blått kompetansesenter, Austevoll	"	17
4.5.4	Remembering Kenneth	"	17
4.5.5	Moster Amfi/Mostraparken	"	17
4.5.6	Rimsvarden	"	18
4.5.7	Smedholmen	"	18
4.5.8	Baroniet Rosendal	"	19
4.5.9	Folgefonna-senteret	"	19
4.5.10	Sunde kyst og litteratursenter	"	19
4.5.11	Rosendal Skipssbyggjarmuseum	"	19
4.5.12	Gruvene på Litlabø	"	20
4.5.13	M/F Skånevik	"	20
4.5.14	Sunnhordland Museum	"	20
4.5.15	Fartein Valen-heimen	"	22
4.5.16	Ryvarden Fyr	"	22
4.5.17	Ferdslevegen og gravområda i Uggdalsdalen	"	22
4.5.18	Onarheim sentrum – Onarheimsgildet m.m	"	23
4.5.19	Rekkjetunet	"	23
4.5.20	Årbakka	"	23
<b>5.</b>	<b>ARBEIDET VIDARE</b>	"	<b>24</b>
<b>5.1</b>	<b>RULLERING/REVIDERING AV PLANEN</b>	"	<b>24</b>
5.1.1	Innspel for å få status som regionanlegg/ tiltak	"	24
5.1.2	Rulling/revidering av planen	"	24

## **1. BAKGRUNN OG FØREMÅL**

Bakgrunnen for ein plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg var eit ynskje om at kommunane i regionen i større grad kunne samarbeida om defineringa av regionale anlegg, planlegging av nye regionale anlegg og om utviklinga av dei anlegg som vert definert som regionale, slik at ein gjennom samarbeid og felles forståing kan utvikla eit godt utbygd tilbod innan idrett, friluftsliv og kultur.

Planen har også fokus på ny lov om folkehelsearbeid som tredde i kraft 01.01.2012, og til utfordringane knytt til denne. Kommunane kan gjennom samarbeid regionalt søkje om å sette i verk tiltak og samordna folkehelsearbeidet gjennom langsiktig og systematisk arbeid og planlegging. Føremålet vil vera å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa.

Det er eit mål at planen skal utvikla eit samarbeid slik at regionen som heilskap utviklar eit enda betre tilbod til innbyggjarane og tilreisande, skapar ein struktur i satsinga som gjer at utviklinga av regionale anlegg får ein god planmessig utvikling i høve til både breidde i tilboda, behov og grunnlag for etablering. Det er også viktig at planen opnar for samarbeid på tvers av kommunegrensene, slik at det vert høve til å satsa på anlegg som er så krevjande at ein kommune åleine ikkje har høve til å utvikla eit slikt anlegg. Det er viktig at det er ein felles forståing av kva anlegg som er regionalt og kva dette inneber.

Samarbeidsrådet vedtok i møte 30. oktober 2015 oppstart av planarbeidet.

### **1.2 MANDAT**

Kriteria som har vore lagt til grunn ved dei tidlegare planane er også lagt til grunn ved denne:

#### **1.2.1 Kriteria for regionale anlegg:**

- Har ein funksjon som trekker til seg folk ut over eigne kommunegrenser.
- Har ein kostnads- og kommunikasjonsstruktur som gjer at det ikkje er naturleg at kvar kommune kan byggja eigne anlegg.
- Har ein særeigenheit som gjer at dei naturleg skil seg ut.

Det er viktig at den regionale planen vert knytt opp mot Premiss kultur for Hordaland 2015-2025.

### **1.3 DEFINISJON AV REGIONALE ANLEGG**

I denne planen definerer regionen sjølv kva anlegg dei meiner er regionale. Tidlegare var det Hordaland fylkeskommune som gav formell status som regionsanlegg, men fylket gjev ikkje lenger staus slik som var tilfelle då planen vart utarbeidd i starten.

### **1.4 ORGANISERING**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS ved ordførarar og rådmenn har vore styringsgruppe og administrasjonen i Samarbeidsrådet har vore sekretariat. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kultur og plan i kommunane. Kommunane peika sjølv ut kven som skulle representera kommunen.

#### **1.4.1 Arbeidsgruppa ved revidering 2016:**

Austevoll kommune	Regina Njåstad Vestrheim
Bømlo kommune	Elisabeth H. Grønnevik
Etne kommune	Nils Halleland
Fitjar kommune	Bente Bjelland
Kvinnherad kommune	Linda Øen
Stord kommune	Sylve Rusten
Sveio kommune	Marit Persen Liknes/Pål Jøsok
Tysnes kommune	Vibeke Øxnevad Stoltz

Friluftsrådet Vest og Bergen og Omland Friluftsråd har vore invitert inn som observatørar i arbeidsgruppa og har hatt høve til å koma med innspel.

#### **1.4.2 Definisjon av regionen**

Omgrepet regionalt vert avgrensa til det geografiske området Sunnhordland, som er Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt virkeområde.

#### **1.5 METODE**

Oppstart av planarbeidet vart offentleggjort på kommunane og Samarbeidsrådet sine nettstadar med frist for å koma med innspel til 9 desember 2015.

Metodane for å definera og prioritera anlegga vart som følgjer.

##### **1.5.1 Anlegg for idrett, friluftsliv og kulturanlegg**

Prosjekta/anlegga som vart definerte som regionale vart og prioritert etter følgjande definisjonar:

- Eksisterande
- Under planlegging
- Nye

## **2. PROSJEKT/ANLEGG FOR IDRETTS, FRILUFTSLIV OG KULTURANLEGG**


Under den første presentasjonsrunden i arbeidsgruppa, der kvar kommune fekk leggja fram forslag til anlegg som bør få regional status, kom det tydeleg fram at det i regionen finnes eit rikt og velutbygd tilbod til innbyggjarane og tilreisande. Det viste seg og at regionen gjennom sin variasjon i naturtilhøve gjev grunnlag for ein breidd i tilboden som er svært attraktivt.

Mange av anlegga som vart trekt fram kan ikkje vurderast som regionale då fleire av kommunane har slike anlegg eller har planar om utbygging av slike. Med bakgrunn i desse vurderingane er det semje om at statusen som regionalt anlegg bør hengja høgt. Dette gjer at talet på regionale anlegg vert relativt få.

Ser me til folkehelselova vil det vera viktig å nå ut til folk med stor breidd i høve tilbod om fysisk aktivitet. Det må difor vera ei utfordring for regionen og kvar einskild kommune å utvikla regionale anlegg som gjev ei betre breidd i tilboden totalt sett.



Frå Vindmølleparken i Fitjar Foto: Toralv M. Brekke



Hystadmarkjo, Stord Foto: Toralv M. Brekke

## **2.1 Status som regionale idrettsanlegg**

I tabellen nedanfor syner ein dei vedtekne regionale idrettsanlegga i Sunnhordland.

Dei er vidare sett inn i ei kolonne som definerer statusen på anlegget. Det er ikkje gjort ei prioritering blant anlegga, då det til ei kvar tid vil vera det anlegget som er kome lengst i planlegging som skal prioriterast først.

Anlegg	Kommune	Status
Bømlo Dykkaranlegg	Bømlo	Eksisterande
Badeanlegg	Bømlo	Under planlegging
Bømlo Motorsport senter	Bømlo	Eksisterande
Storhall	Bømlo	Under planlegging
Hardanger/Shl motorsportssenter	Kvinnherad	Under planlegging
Fjellhaugen Skisenter	Kvinnherad	Eksisterande
Kvinnherad Rosenter	Kvinnherad	Eksisterande
Stord Hestesportssenter	Stord	Eksisterande
Motorsportssenter/crossenter	Stord	Eksisterande
Sunnhordland Sjøsportssenter	Stord	Under planlegging
Skeisebane på Vikahaugane	Stord	Eksisterande
Turnhallane på Vikahaugane	Stord	Eksisterande
Helseportløypa i Prestagardsskogen – rulleskianlegg	Stord	Eksisterande
Sveio Golfpark	Sveio	Eksisterande

## **2. PRESENTASJON AV REGIONALE IDRETTSANLEGG**

### **2.2.1 Bømlo Dykkaranlegg**

Bømlo Dykkaranlegg er eit tilrettelagt anlegg for sportsdykking. Anlegget har kompressor anlegg til fylling av luft på dykkarflasker.

Det er to båtar som hører til anlegget. Desse vert brukt til dykkarturar.

Anlegget har rom for overnatting, oppholdsrom med kjøkken og stove, dusjanlegg og badstue.

Bømlo Dykkaranlegg har planar om å utvida parkeringsarealet.



*Bømlo Dykkaranlegg*

### **2.2.2 Badeanlegg, Bømlo**

Ved Finnås i nær tilknyting til Bømlobadet er eit område på 3-4 mål med stor sjøline omregulert til føremål maritime idrettar og reiseliv. Området er tiltenkt anlegg/kaianlegg for blant anna seilsport, ro- eller kajakklubar.

Det føreligg planar frå private aktørar om eit topp moderne badeanlegg. Bygget er planlagt å vera på 2000 m<sup>2</sup> med eit vassareal på over 750 m<sup>2</sup>. Det vil innehalda stort oppleveling/familiebasseng, 25 meter idrettsbasseng med ein ekstra 50 meters treningsbane og eit terapi/rehabiliteringsbasseng. Badeanlegget vil vera dimensjonert til å klara 360 besökande samstundes. Anlegget skal vera ope for alle, med ei samla opningstid på 70 timer i veka.

### **2.2.3 Bømlo motorsport senter**

I 2009 opna Bømlo motorsportklubb motorcrossbane på Våge i Bømlo. Banen er bygd etter godkjenningskrava frå Norges Motorsportforbund, som ein B bane.

Motorsportklubben jobbar med å få på plass eit permanent klubhus, men har i dag eit midlertidig bygg med straum, dusj og toalett og eige tidtakar bu.

Anlegget er ein motorcrossbane frå alderen 5 år og oppover, med ulike meistringsnivå. Det er mogleg å dela banen i 3 ulike delar/vanskelighetsgrader.

#### **2.2.4 Storhall, Bømlo**

Sentralidrettsanlegget med Bømlohallen og banane rundt, har i dag så høgt aktivitetsnivå at kapasiteten er sprengt. Utsiktene framover er at aktivitetsnivået vil forsetja å auke, både organisert og ikkje minst uorganisert aktivitet.

Med bakgrunn i dette har styret i Bremnes idrettslag tatt initiativ til eit forprosjekt for å få vurdert ulike sider ved ein storhall. (Start forprosjekt august 2016 – avsluttande rapport er målsett klar ved årsskiftet 16/17).

I forprosjektet tar ein utgangspunkt i ein verkeleg storhall. Denne skal romma ein fullskala innandørs fotballbane, fullskala fleirbruksbane samt eit uteområde som er tilrettelagt for uorganiserte aktivitetar. Kostnadsestimat ca 100 millionar kroner.

#### **2.2.5 Hardanger og Sunnhordland motorsportssenter – Kvinnherad**

Motorsport senteret er etablert i Matrefjellet, Midthølen i Kvinnherad kommune. Anlegget på 100 dekar er regulert og godkjent for alle typar motorsport og har ingen begrensningar på drift.

1. byggetrinn er Knatekkrossbane, ferdig 2016.
2. byggetrinn vert Trail, Enduro løype. 2016.
3. byggetrinn vert Go-cart bane. 2018.
4. byggetrinn vert Bilcrossbane. 2022.
5. byggetrinn vert Asfalt-racingbane. 2030.

#### **2.2.6 Fjellhaugen Skisenter Kvinnherad**



Fjellhaugen skisenter

Fjellhaugen skisenter ligg midt i Kvinnherad, ved inngangen til Blådalen, eit område som er mykje nytta til friluftsliv både sommar og vinter.

Fjellhaugen skisenter er einaste større skianlegg i Sunnhordland, der det er tilrettelagt for fleire typar ski aktivitetar. I anlegget er det ljosløyper på til saman 6 km, skitrekk med tallerkentrekk og 1000 meter alpinløype med 2 nedfartar. Det er eit eige skitrekk for born, minihalfpipe for snowboard og nytt arenabygg med varmestove og toalett for rørslehemma. Det er kvista løyper mot Blådalen og Folgefonna med gode snøtilhøve på ettermiddagen. Preparering av løyper kan følgjast på skisporet.no

#### **2.2.7 Kvinnherad Rosenter, Kvinnherad**

Kvinnherad rosenter vart etablert i 1991 og held til i Opsangervatnet, Husnes. Anlegget vert drifta av Kvinnherad roklubb og er etablert i tråd med Roforbundet sine retningslinjer og ønskjer. Anlegget består av 500 meter bane, 2000 meter bane og rohuset. Rohuset inneheld møterom, forsamlingslokale, kjøkken, lager, treningsstudio og garderobar. Det er 2 brygger som gir tilgang til vatnet og følgebåt med motor.



Kvinnherad Rosenter Foto: Sjur Tjelmeland

## **2.2.8 Stord Hestesportssenter**

Stord Hestesportssenter vart bygd i 2013/2014, og er eit moderne hestesportssenter som er eigd av Sunnhordland Travlag og Stord Hestesportlag. Anlegget består av ein ridehall på 62x 22 m, fire stallavdelingar med til saman 38 stallplassar der alle har eigen luftegard i knytt til boksen, vaskespilt, toalett, garderobar, hybelavdeling, kafeteria, utebane, trav/rideløype mm. Anlegget vart klart for å ta inn hestar i februar 2014, og etter ca. 5 månadar var alle 38 stallplassane utleigd.

For å kunne arrangere landsstemner i sprang og dressur må ein ha ein bane på minimum 50m x75 m. Bana her er 40x60m. Det er søkt Norges rytterforbund om midlar til å utvide utebana, for å kunna arrangera landsstemner. Resten vert finansiert ved dugnad, rabattar og låneopptak. Siktemålet er å få tildelt landsstemne i 2017.

## **2.2.9 Motorsportssenter/crossenter, Stord**

Motorcrossbane for motorsyklar i Hustrudalen er ferdig. Reguleringsplan og detaljplanar vart godkjend hausten 2010. Anlegget har:

- Barnebane/knattebane - rekrutteringsbane på ca 300 m for dei yngste, opna våren 2009.
  - Crossløype total lengde 1,5 km, slik at ein kan arrangera Norgescup. SKL har sett opp transformator for å forsyna straum til anlegget.
- Planar vidare:
- Prosjektering og planlegging av aktivitetshus ca 220m<sup>2</sup> er påbyrja. Forslag til situasjonsplan er ferdig. Kostnadsoverslaget er på vel 2,5 millionar kroner. Mellombels har ein sett opp ein brakkerigg som verkstad/klubbhus.



*Motorsportssenter/Crossenter, Stord*

## **2.2.10 Sunnhordland sjøsportssenter, Stord**

Eit nytt regionalt segl- og sjøsportssenter er under planlegging ved den nye båthamna ved Skjersholmane. Initiativet kjem frå Stord Seglforening og erstattar planane om tidlegare Eldøyane Sjøsportssenter. Målsetnaden er å få til eit meir levande og inkluderande miljø med maritime aktivitetar for både barn, ungdom og vaksne enn det som eksisterer i dag. Eit praktisk klubhus med integrert båthus, garderobeanlegg og forsamlingslokale er del av planane. Det er også planlagd utsettingsrampe for jollar og brett, samt formålstenleg flytebrygge.

Hamna på Skjersholmane ligg svært bra til for dei som ynskjer å bruka «den blå leikegrinda» både til segling, padling, dykking og sportsfiske. Her er det berre eit kort steinkast så er ein i det våte element. Seglforeininga vil i samband med utbygginga ta initiativ til at det også vert etablert eit nærmiljøanlegg like ved utsettingsrampane.

Resultatet av eit nytt segl- og sjøsportssenteret vil vera at ein gir dei i «søre bydel», innbyggjarane i Stord kommune, og busette i ein mogleg framtidig storkommune eit heilt nytt attraktivt aktivitetstilbod knytt til sjø. Seglforeininga ynskjer difor å ta dette initiativet frå idé til verkelegheit så raskt som råd!

## **2.2.11 Skeisebane på Vikahaugane, Stord /anlegg for vinteridrett på is**

Banen vart offisielt opna i 2001 og er med sine 5000 m<sup>2</sup> den største kunstfrosne isflata på Vestlandet.  
Rundløpsbana er på 250 m og er den fyrste i sitt slag i Noreg.  
Banen har flomlys, høgtalar/musikkanlegg, varmestove med toalett, garderobar, dusj, kiosk og eit stort fellesrom.  
Normal opningstid for banen er oktober-mars.  
Det er planar om å byggja hall over banen. Søknad om ny teknisk godkjenning er sendt i mars 2016.



Skeisebanen på Stord



Ishallen er planlagt i samråd med Skøyteforbundet/Ishockeyforbundet og etter innspel frå hall leverandørar. Planen er å få inn treningsbanar for curling.

Anlegget er omtala og prioritert i Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og har ei kostnadsramme på ca 47 mill.

Sjølvé hallen har eit areal på 5660 m<sup>2</sup> i tillegg kjem naudsynte lagerrom, tekniske rom og 4 sett garderobar, totalt 1208 m<sup>2</sup>. Bana er heilt spesiell med tanke på kvadratmeter is og at inndelinga av flata gjev uorganisert aktivitet spelrom i heile opningstida.

I 2011 – 2013 vart det teke ei rehabilitering av kjøleanlegget på bana, rehabiliteringa kosta vel 5,9 millionar kroner.

## **2.2.12 Turnhallen på Vikahaugane, Stord**

Turnhallen har frittståande matte 12x12 m og turnrop, eigen turnkasse, med plass til stasjonere apparat og landingsgrøper og har eit areal på vel 700 m<sup>2</sup> inkludert garderobar.

Mellan turnhallen og den nyaste fleirbruks-hallen ligg det 5 sprintbanar for 60 m. Opna i 1995. Rehabilitert 2014.




Fra turnhallen på Vikahaugane

## **2.2.13 Helsesportløypa i Prestagardsskogen – rulleskianlegg, Stord**

Løypa var kring 1,5 km lang då ho vart bygd i 1991. Ho er meter brei, der 2 meter er grus og 3 meter er asfalt. Det var ei av dei fyrste helsesportløypene i landet, og vart høgtidleg opna av Dronning Sonja 25/6-1991. I dag er ho mest nytta som rulleskianlegg, og er det einaste rulleskianlegget i Sunnhordland.

Etter ulike utbyggingar er noko av løypa vekke og erstatta av ny. Her er det lagt 4 meter asfalt slik at ho er betre eigna for passering ved skøyting. Når ein går rundløypa har ein kring 1800 meter opplyst løype å boltra seg på. Traséen buktar og vender seg fint inne i naturen rundt dei ulike anlegga i Prestagardsskogen idrettspark, ca 3 km nord for Leirvik.



## **2.2.14 Sveio Golfpark**

Sveio Golfpark har 18 hols bane. Anlegget har ein standard som opnar for å arrangera store turneringar og har allereie arrangert Titleist Tour og turnering for dei beste Jr. spelarane i landet.

Det blir stadig arbeid med vidareutvikling. Det er etablert merka turløyper av ulik lengde og vanskegrad. Ei 2 km lang lysløype stod ferdig i 2016.



Det er planlagt utviding av øvingsanlegg, range for golfarar. Denne rangen er planlagt bygd som ein kortholsbane, eit anlegg som vil vera særsviktig for rekruttering av yngre og nye golfspelarar, og skal etter planen vera ferdig i 2017.

Prosjektet "helse Sveio", som starta hausten 2009 er i drift under namnet «Golf – grøn glede». I prosjektet samarbeider Sveio Golfpark med Sveio kommune og andre involverte, om å etablere tilbod innan førebyggande helse og rekreasjon jfr. stortingsmelding nr. 47 (2008-2009)

*Sveio Golfbane*

## **2.3 IDRETSANLEGG SOM REGIONEN BØR HA SOM MÅLSETTING Å BYGGJA**

- 50 m. symjebasseng
- Hall for eigenorganisert aktivitet

### **2.3.1 50 m. symjebasseng**

Skal symjesporten i regionen utvikla seg vidare er det viktig å satsa på eit 50 meters symjebasseng. Dette vil då vera eit anlegg i nasjonal samanheng. Det vil vera ei stor føremon om dette kan vera eit interregionalt anlegg.

### **2.3.2 Hall for eigenorganisert aktivitet**

Regionen bør ha som mål å få bygd eit multianlegg for unge som ønskjer å driva aktivitetar som ikkje har plass i dei organiserte idrettslaga. Eit slike anlegg kan skapa ein attraktiv arena og en møteplass for ungdom i regionen, og vil vera viktig i eit folkehelse perspektiv.

## **2.4 KVIFOR EINSKILDE TYPAR IDRETSANLEGG IKKJE ER TEKEN MED**

### **2.4.1 Regional skytebane**

Ein del kommunar har skytebanar, andre har planar om bygging. Tilbakemelding frå skyttarmiljøa er at for regionen er det viktig å få fleire gode anlegg. Dette vil føre til auka rekruttering – og eit aktivt skyttarmiljø i heile regionen. Ved å få til eit samarbeid mellom desse vil regionen kunna arrangera større stemner, som eit anlegg ikkje kan ta på seg åleine.

### **2.4.2 Regionalt anlegg for friidrett**

Kommunane har eigne anlegg for friidrett. Arbeidsgruppa ser det ikkje som naturleg å føreslå eit av anlegga som regionale, då ingen av dei utmerkar seg på noko vis i høve til andre i regionen. Arbeidsgruppa meiner og det er naturleg å satsa på at kvaliteten på dei lokale anlegga skal vera så høg at alle kan gje eit godt tilbod innan denne idrettsgreina.

### **3. FRILUFTSANLEGG/OMRÅDE**

Folkehelselova må ligge til grunn for planlegging og tilrettelegging for friluftsanlegg i regionen fordi det for nokre kan vera ei utfordring og ein terskel å delta i fysisk aktivitet. Det er difor eit mål å få tilrettelagt og utvikla desse områda med fasilitetar som gjer at fleire kan nytta dei. Dette gjeld ulike tiltak frå universell utforming, merking av løyper, parkeringsplassar, sikring av nye områder og vedlikehald.

Det har vore ei satsing på vandring i regionen, der hovudmålsetjinga var vandring som eit kvalitetsmessig godt aktivitetstilbod, som er gjort meir synleg og tilgjengeleg.

Gjennom prosjektet er det merka og gradert mange ulike løyper med ulik vanskeleg grad og lengde.

Samla sett har Sunnhordland eit svært variert tilbod innan friluftsliv. Arbeidsgruppa har vurdert å ikkje gjera prioriteringar mellom dei ulike friluftsområda. Dette fordi alle er viktige områder for innbyggjarane i regionen og bør ikkje setjast opp mot kvarandre.

#### **3.1 DEFINISJON AV REGIONALE FRILUFTSANLEGG/OMRÅDE**

Med regionalt friluftsanlegg/område meiner ein område som er særleg tilrettelagt for friluftsliv og som har regional verdi.

For kommunane i regionen er friluftsråda ein naturleg samarbeidspart for å sikra nye områder og vedlikehalda og utvikla eksisterande områder. Dette er i hovudsak friluftsområde knytt til sjø.

Dette er anlegg som vert definert som regionale, og som det er viktig å ta omsyn til då dei i framtida treng rehabilitering for å kunne oppretthalde den kvaliteten og det tilbodet dei er meint å gje.

- Nordsjøløypene
- Nordsjøsykkelruta
- Postvegen
- Etnefjella
- Friluftsområdet Bondhusdalen (Sunndal)
- Folgefonna Nasjonalpark

#### **3.2 REGIONALE ANLEGG FOR FRILUFTSLIV**

##### **3.2.1 Nordsjøløypene**



Nordsjøløypene er eit prosjekt som bind saman gamle ferdselsårer og vandringsvegar med historiske miljø og overnattingsstader langs den norske vestkysten.

Første etappe av Nordsjøløypa i Hordaland er løpenettet sør-nord: frå Ryvarden til Hellesøy fyr: Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Austevoll, Sund, Fjell, Øygarden og Fedje.

*Stordabrua Foto: Svein Andersland*

##### **3.2.2 Nordsjøsykkelruta**

Nordsjøsykkelruta er verdas lengste sykkeltur med 6000 km rundt heile Nordsjøen. Gjennom Hordaland går ruta i kystlandskap med utsyn til fjord, fjell og skjergard, i alt 145 km. Forutan eit fjellparti sør for Bergen (Fanafjellet) er ruta lite krevjande. Ruta går gjennom kommunane Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Os og ender i Bergen. Til Sunnhordland kjem sykkelløypa inn i Sveio og går over Mølstre til Buavåg. Ferje til

Langevåg i Bømlo der ruta går gjennom Våge, Håvik og til Stord over Trekantsambandet. Vidare over Litlabø og Sagvåg til Fitjar. Deretter tek ein ferja Sandvikvåg- Halhjem til Os.

### 3.2.3 Postvegen – Den Stavangerske Postvei

Frå 1653 vart det organisert postombering mellom Bergen og Stavanger. I 1690 vart det omlegging av hovudpostgangen – og Den Stavangerske Postvei vart oppretta. Postvegen går i Sunnhordland gjennom Etne og Kvinnherad. Frå 1785 gjekk ruta ein gong i veka- ”for å gagne fiskeriene og andre næringsveier i desse avsides beliggende steder, samt lette og befordre den derav flydende handel”. Ruta var uendra fram til 1870-åra.

I Kvinnherad er postvegen i dag restaurert mellom Ølfernes i sør til Postbrygga i Herøysund i Nord.

Det vert no arbeidd med restaurering av vegen fram til postbrygga i Herøysundet. Postvegen er godt skilta, den er også tilrettelagt for rullestolbrukarar. Neste prosjekt vert restaurering frå postbrygge i Husa, Ølve via Vetledale og Dalsbruken til grensa Kvinnherad/Fusa. Postvegen mellom Etne og Skånevik er den lengste samanhengande delen av den gamle vegen. Postvegmarsjen er her arrangert årleg sidan 1989. Det er arbeidd med tilrettelegging og skjøtsel på begge sider av fjellet. På toppen er der vidstrakt utsikt over Sunnhordland.

Det er ei målsetting at Postvegen gjennom Etne og Kvinnherad skal være ein samanhengande kulturhistorisk turveg.



Postvegen Skånevik Foto: Leif Arne Løvereide

### 3.2.4 Etnefjella



Stordalen fra Bjødnanut

Etnefjella strekker seg om lag 5 mil frå Ølen i vest til Seljestad i aust. Der går T-merka løyper gjennom heile området og har seks turisthytter i regi av Haugesund Turistforening. Frå Etnesida er der rundt ti oppgangspunkt til fjellet, spreitt jamt ut frå Etne i vest, via Stordalen og austover langs E-134 i Åkrafjorden.

I Åkrafjorden ligg det kjende landemerket Langfoss, som med sine 612 m er den 5. høgaste fossen i Noreg. Det er fleire fiskevatn i alle delar av Etnefjella, mange kulturminne og normalt gode snøtilhøve. Fleire av turane i Etnefjella er blant dei finaste vi kan oppleve i regionen.

### **3.2.5 Friluftsområdet Bondhusdalen (Sunndal)**

Bondhusdalen er eit attraktivt friluftsområde som er tilgjengeleg heile året nede i dalen, og i sommarhalvåret opp Turistvegen over Folgefonna til Fonnabu, over til Holmaskjer og ned til Odda. Ved inngangen til området er det tilrettelagt med parkeringsplass med toalett.

Det er etablert Historisk vandrerrute i samband med friluftslivets år 2015. Turen frå Sundal til Bondhusvatnet er tilrettelagt for alle. Skilta etter nasjonal standard. Mogleg å bade i Bondhusvatnet (brevatn) for dei aller tøffaste.



*Frå Bondhusvatnet*

### **3.2.6 Folgefonna Nasjonalpark**

Folgefonna nasjonalpark er ein av 40 nasjonalparkar i Noreg. Føremålet med nasjonalparkane er å sikra viktige natur- og kulturmiljø. Statusen er gjeven ved kongeleg resolusjon 29.4.2005.

## **4. KULTURHUS/BYGG**

Kommunane i Sunnhordland har dei seinare åra fått fleire nye kulturhus. Dette er viktige arena for kulturformidling og møteplassar for innbyggjarane. Det må vera eit mål å vidareutvikla desse og satsa på nye slik at tilbodet samla sett kan verta enda betre.

### **4.1 OVERSIKT OVER KULTURHUS/SENTER I SUNNHORDLAND**

Kulturhus	Kommune	Status
Bømlo Kulturhus	Bømlo	Eksisterande
Skakke senter for skule, idrett og kultur	Etne	Eksisterande
Fitjar Kulturhus	Fitjar	Eksisterande
Kvinnherad Kultursenter	Kvinnherad	Eksisterande
Stord Kulturhus	Stord	Eksisterande

### **4.2 PRESENTASJON OVER KULTURHUS/SENTER I SUNNHORDLAND**

#### **4.2.1 Bømlo Kulturhus**

Bømlo kulturhus stod ferdig i oktober 2005 og har sidan den tid utvikla seg til å bli ein sentral kulturaktør. Det er eit aktivt hus som trekker publikum frå heile regionen. Bømlo kulturhus har eit variert kulturprogram. Det er fast arrangør for Riksteateret samt det husar Sunnhordland Senioruniversitet og Jazz og Bok, som presenterer det som rører seg på jazz- og litteraturscena i regionen. Huset er også arena for Bømlo kulturskule, Bømlo Teater, Bømlo janitsjar, kurs og konferansar, dagleg kafedrift og faste kinovisningar kvar veke. I 2010 vart kinoen digitalisert og 3D kino installert.



*Bømlo kulturhus*

Huset inneholder:

- Storsal med 352 sitteplassar i amfi,
- Kino- og konferansesal med 100 sitteplassar i amfi
- Foajé på nær 300 rutemeter med kafé, utstillingar, konsertar, kiosk osb
- Kontorareal og møterom for Bømlo kulturhus, Bømlo kulturskule og Nav
- Øvingsrom for Bømlo musikk- og kulturskule
- Kulturskulesalen, ein konsert- og øvingsal på 120 rutemeter
- Kombisal - Speglsal til danseundervisning og Bømlo kunstlag sitt galleri i skuleferiane
- Black box teater og undervisningsrom for Bømlo barne- og ungdomsteater
- Rockeverkstad og aktivitetsrom
- Skodespelar- og artistgarderobar
- Teaterverkstad

#### **4.2.2 SKAKKE – senter for skule, idrett og kultur / Stødle tusenårsstad i Etne**

SKAKKE – senter for skule, idrett og kultur (tidlegare Etne kulturhus) inneholder i dag 2 kinosalar som også vert brukt til konsertar og konferansar, bibliotek, lokalhistorisk arkiv, ungdomsklubb, diskotek, storsal, kafeteria m.m.

Anlegget ligg ved Etne sentralidrettsanlegg og Enge skule, som er området for dei årlege regionale mønstringane Etne cup, Skakkelan og Etnemarknadene.

Etne kino er i dag regional kino for indre Haugalandet/Sunnhordland, og har 330 sitteplassar. Kulturhuset er utvida med nytt inngangsparti/foajé, vidaregåande skule, fleirbruksstall på 33x60 m i full høgd (inkl. 60 m løpebane), klatrevegg, kulturskule, multimediesal, større bibliotek, lokalhistorisk arkiv, m.m. Vidaregåande skule og idrettstilboda aukar den regionale verdien av senteret. Heile utbygginga er kostnadsrekna til rundt kr. 125 mill.(eks. moms). I tillegg er det bygd ny kunstgrasbane til rundt 10 mill kroner like ved senteret.



Skakke senteret

Stødle er rekna som eit nasjonalt kulturlandskap, med helleristningar, gravfelt, Stødle kyrkje (1165) og soga om Erling Skakke og Kong Magnus som sentrale element. Sogespelet Kongen frå Etne, skrive av Johannes Heggland, vert framført anna kvart år på Skakkesenteret.

Etne har fast årleg forteljarfestival, der Stødle kyrkje er hovudforteljarstove. Sæbøtunet (eigd av Sunnhordland museum) er også mykje nytta til forteljing. På sikt er der planar om å auke historieformidlinga i Skakke-senteret.

Framlegg til freding av Stødleterrassen, utarbeidd av Hordaland fylkeskommune, er på høyring for 2. gong i 2016. Det er gjort framlegg om å frede eit areal på ca 420 dekar, mesteparten landbruksareal i dag.

#### **4.2.3 Fitjar kultur og idrettsbygg**

Bygget er totalt på ca 3.000 kvm, og vart ferdig i 2001, men kultursal og bibliotek vart ferdig i 2006. Bygget inneholdt kultursal med 286 sitteplassar i amfi, bibliotek, idrettshall med internasjonale mål og plass til ca 400 tilskuarar. Elles er det klasserom, møterom og kontor, øvingsrom, foaje, psykiatrisk dagstove, treningscenter, og fasiliteter for fysioterapeuter. Kultursalen og biblioteket er eigd direkte av kommunen. Kommunen, Fitjar idrettslag og Fitjar Vidaregående skule(klasserom og idrettshall) er dei største leigetakarane.

Aktiviteten i bygget er svært stor med handball som den største brukaren på kveldstid og i helger. Fotball, friidrett og badminton er også store brukarar i vinterhalvåret.

Fitjar kultur og idrettsbygg har avtale med Norsk bygdekino. Kinoen har godt besøk og er 6. mest besøkte bygdekinoen i landet.



*Fitjar kultur og idrettsbygg*

#### **4.2.4 Kvinnherad Kultursenter**

Kvinnherad kultursenter rommar kulturskule, Kulturhus, Bibliotek, Ungdomssenter og miniatyrskytebane. I tillegg er det opparbeida flotte uteområde. Kvinnherad kultursenter er hovudsetet for kunst og kulturformidling og ein viktig sosial møtestad. Kultursenteret rommar mellom anna A-scene som er godkjend for Riksteateret og Bergen filharmonien med fleire spesialrom som dansesal, Black Box/ Amfi, ulike spesialrom for musikk og kunst.



*Kvinnherad kultursenter*

#### **4.2.5 Stord kulturhus**

Stord kulturhus vart offisielt opna 17. 11.1978.

Følgjande kommunale einingar held til her:

- Stord folkebibliotek.
  - Stord kulturskule med administrasjon og øvingsrom.
  - Kulturtenester. Administrasjon for kulturhuset, kino, fritidsklubbar med meir.
- Bygget inneholder følgjande lokale:
- Storsalen. Teater/ konsertsal og digital kinosal. Årleg besøk på om lag 60.000. Fast spelestad for Riksteatret.
  - Småsalen. Digital kinosal med 3D.
  - Kunsthallen. Utstillingslokale for Stord kunstlag, Nasjonalmuseet med fleire. blir og nytta til mindre konserter, teater o.l.
  - Symjehallen. 25 meters basseng i tillegg til barnebasseng. Vass-skleie, stupetårn, badstove og solarium. Offentleg bading og symjetrenings for idrettslag og skular.
  - Kultursenter. Samlingslokale med kjøken og speglsal.
  - Møteromsavdeling med kjøken.



*Stord kulturhus*

Stord kulturhus er medarrangør for to årlege festivalar: Falturiltu – nynorsk barnebokfestival og Barne- og ungdomsteaterfestivalen.

Året rundt er det stor aktivitet i huset. Teaterlag, kor og korps er mellom dei mange og viktige arrangørane, i tillegg til både nasjonale og internasjonale aktørar som vitjar huset. Samla gjev dette eit attraktivt kulturtillit for dei fleste som bur i regionen. Stadig aukande aktivitetsnivå og meir kvalitetsbevisste kulturkonsumentar gjev saman med alderen til huset store utfordringar.

#### **4.3 DEFINISJON SOM REGIONALE KULTURANLEGG**

Når det gjeld dei regionale kulturanlegga har regionen eit mangfold av anlegg. Grunnlaget for utveljing gav ikkje så klare skilje som for idrettsanlegg. Definisjonen av regionale kulturbyggar skjedde difor i hovudsak i høve til kvalitative eigenskapar.

Regionen har ei rekke anlegg og tilbod som fremjar interessa for vår kystkultur i notid og fortid. Mangfaldet er stort og kvaliteten er høg. Arbeidsgruppa drøfta dette og fann ikkje grunnlag for å utnemna eit regionalt senter for alt det kystkulturen i regionen rommar. Til det er interessa lokalt for stor, mangfaldet og historia for omfattande. Når nokre anlegg likevel er tekne med, gjer ein dette for å fremja

særskilde tema og delar av kystkulturen. Målet må vera at den temabaserte satsinga i lag med dei lokale anlegga gjev eit godt tilbod til brukarane og eit heilskapleg bilete av vår felles kystkultur.

#### 4.4 STATUS SOM REGIONALE KULTURANLEGG

I tabellen nedanfor har ein sett inn dei vedtekne regionale kulturanlegga i Sunnhordland

Dei er vidare sett inn i ei kolonne som syner om det er eksisterande anlegg, nye anlegg eller anlegg under planlegging.

Anlegg	Kommune	Status
Marstein Fyr	Austevoll	Eksisterande
Visningssenter for fiskeri og havbruk	Austevoll	Under planlegging
Blått kompetansesenter	Austevoll	Under planlegging
Remembering Kenneth	Bømlo	Eksisterande
Moster Amfi/Mostraparken	Bømlo	Eksisterande
Rimsvarden	Fitjar	Eksisterande
Smedholmen	Fitjar	Eksisterande
Baroniet	Kvinnherad	Eksisterande
Folgefonsenteret	Kvinnherad	Under planlegging/utbygging
Sunde kyst- og litteratursenter	Kvinnherad	Under planlegging
Rosendal Skipsbyggjarmuseum	Kvinnherad	Under planlegging
Gruvene på Litlabø	Stord	Eksisterande
M/S Skånevik	Stord	Eksisterande
Sunnhordland Museum	Stord	Eksisterande
Fartein Valen heimen	Sveio	Eksisterande
Ryvarden Kulturfyr	Sveio	Eksisterande
Ferdslevegen og gravområda i Uggdalsdalen	Tysnes	Eksisterande
Onarheim Kultursenter	Tysnes	Under planlegging
Rekkjetunet på Færavåg	Tysnes	Eksisterande
Årbakka	Tysnes	Eksisterande


#### 4.5 PRESENTASJON AV REGIONALE KULTURANLEGG

##### 4.5.1 Marstein Fyr

Sidan 1887 har Marstein Fyr ytst i Krossfjorden kasta sitt lys over innseglingsa til Vestlandet og vore eit landemerke.

Etter at fyret vart automatisert i 2002 har Austevoll kommune hatt ynske om å etablera Marstein Fyr som eit fyrtårn innanfor m.a:

- ekstrem reiseliv
- konferansesenter i havgapet
- galleri med kunstutstillingar og konserter
- matservering i samarbeid med kjende hotell
- overnatting for inntil 20 personar
- bryllupsarrangement mm



Marstein fyr

I 2007 stifta kommunen ei stifting som skal stå for drifta. Stiftinga avslutta arbeidet med å restaurere bygningane på holmen i 2010. Det vart då opna for ulike arrangement. Holmen vil fungera som Marsteinen friluftsområde og utfartsområde. Tilkomsten skjer frå båt via ny brygge som vart montert i 2010. Besøkjande som berre vil besøke holmen har tilgang til toalett. Bergen og Omland Friluftsråd har ansvar for tilsyn og drift av friluftsområdet.

#### **4.5.2 Visningssenter for fiskeri og havbruk**

Austevoll kommune har ein heilt spesiell historie og posisjon innanfor fiskerinæringa. Dette har stor verdi både regionalt og nasjonalt og er viktig å ta vare på og formidla til eit stort publikum. Austevoll kommune har ambisjon om å etablere fleire visningsområde for næringane fiskeri og havbruk. Bekkjarvik Torg vert i dag nytta til visningssenter for fiskerihistorie og dette er ynskjeleg å utvikle vidare.

#### **4.5.3 Blått kompetansesenter**

Blått kompetansesenter sør er det neste store steget i å vidareutvikle den marine og maritime nærings- og kunnskapsklynga i Austevoll. Senteret tek utgangspunkt i Havforskningsinstituttets forskingsstasjon, Austevoll vidaregåande skule, Bergen maritime fagskule si avdeling i kommunen, og andre, mindre aktørar. Det er utarbeidd eit forprosjekt, finansiert av Hordaland fylkeskommune, Austevoll kommune og private aktørar, som legg opp til bygging av ein senterbygning, med kontorfasilitetar, laboratorium og fellesareal. I tillegg skal det byggast ny djupvasskai og eit hybelhus.

Blått kompetansesenter vil medverke til å styrke Hordaland sin posisjon innan dei viktige framtidens næringane marin og maritim næring. Hordaland fylkeskommune har varsla at bygginga vil medføre auka opplæring i kommunen, med flytting av større delar av Bergen maritime fagskule til Austevoll. I tillegg til dagens dekksoffiserutdanning er det aktuelt også å tilby skipsoffiserutdanninga til Austevoll. Universitet i Bergen, som har vore lokalisert i Austevoll i nokre år, er også interessert i å utvide verksemda si i Austevoll. Prosjektet har brei støtte frå næringslivet i Austevoll som allereie har medverka i finansiering av forprosjektet.

#### **4.5.4 Remembering Kenneth**

Våren 2009 vart Kenneth Sivertsen Stiftinga (seinare endra til Remembering Kenneth) etablert etter initiativ frå Sivertsen sin familie. Målet er å fremja Kenneth Sivertsen sin musikk, og gjera tilgjengeleg både nytt og gammalt materiale som han har etterlate seg.

Remembering Kenneth vil også bruke bustaden til Kenneth Sivertsen som kunstnarbustad, konsertlokale og arena for utdeling av Kenneth Sivertsen Musikkpris.

#### **4.5.5 Moster Amfi/Mostraparken**

Moster Amfi steig opp som ein Fugl Fønix frå det gamle kalkbrotet på Moster i 1984. Det blir i dag m.a. omtala som Nord-Europas vakraste friluftscene og «Nordens Verona».

I Mostraparken ligg Moster gamle kyrkje, Moster Amfi og kyrkjhistorisk senter, Vetahaugen med krossen frå 1924, Olavskjelda og minnestøtter over fleire historiske hendingar.

I 1024 fekk Kong Olav Haraldsson, assistert av biskop Grimkjell, vedteke nye lover på Mostratinget. Desse lovane blei seinare godkjent og sett i kraft ved dei ulike tingseta. Med kristenretten blei nye verdiar lagt til grunn for lovverket. Menneskeverdet og respekt for livet stod sentralt.

Moster Amfi og eigarane Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune ser for seg eit riksjubileum med sentral markering på Moster i 2024 – tusen år etter at kristenretten vart sett.



Vetahaugen

I Moster Amfi er utstillinga «Frå heidendom til kristendom» ein del av tilbodet. I juni 2011 opna den nye bergverksutstillinga «Steinriket Bømlo» i tunnelen i Vetahaugen og tilhøyrande aktivitetar for barn i alle aldrar i Mostratunet. Mostratunet er knytt sammen med Moster Amfi via tunnelsystemet som blei nytta den tida det var kalksteinsdrift her. Moster Amfi rommar og ein intimkonsertsal med plass til 100 personar i tillegg til den unike friluftsscena, med sitjeplassar til over 1000 personar.



*Moster Amfi*

#### 4.5.6 Rimsvarden



**Rimsvarden** er namnet på ei høgde rett sør for Fitjar sentrum. På toppen ligg ei stor gravrøys frå Bronsealderen. Gravrøysa er 25-30m i diameter og er 2-4m høg. Ho har vore større, men stein frå røysa er brukta i steingardane i nærleiken. Ho vart utgraven første gongen av ein "Gjestgiver fra Folgerøen" i perioden 1785-1795. I botn på røysa var eit gravkammer. Steinen som låg oppå kammeret vart lagt på grava til ein heidersmann frå garden. Steinen ligg i dag på kyrkjegården. Ved utgravinga vart det også funne eit bronsesverd forutan

ein kniv og noko oske. Sverdet gjekk på utlån, og folk meinte det hadde magiske evne og brukte det mot sjukdom og til hjelp ved barnefødslar. Det ligg i dag på Historisk museum i Bergen.

Frå røysa er det framifrå utsikt over Fitjar-bygda. Her har frå gammalt vore samlingstad t.d. til drøs om sundagane, feiring av jonsok o.a. Røysa er eit freda kulturminne og vart valt til Fitjar sin tusenårsstad i Kulturminneåret 1997.

Rimsvarden som 1.000 års stad i Fitjar vart tilrettelagt i 2010. Ny skjøtselsplan og avtale med grunneigarane kom på plass. Granskogen på framsida av røysa vart hogge ned, det vart sett opp informasjonskilt og stien vart rusta opp. Ein arbeider no med ytterlegare utvikling av området, med betre stiar, rasteplass, gjerde kring eit større område, og på sikt leggja til rette for universell utforming.

#### 4.5.7 Smedholmen

Smedholmen ligg blant dei "indre" Fitjarøyane, i nærleiken av den gamle handels og gjestgjevarstaden Engesund. Garden på Smedholmen er truleg frå 1600 talet, og har fått namn etter to generasjonar med smedar som har halde til der.

På holmen har det vore leirskule sidan 1976. Kyst- og naturlivskulen i dag vert driven av to eldsjeler, med seglsluppen "Seladon" som eit sentralt midtpunkt. Leirskulen har og ei rad andre båtar; færingar, seksæringar, notbåtar (nytta til potefart) og gavlbåtar. Skulen driv aktivitetar som segling, friluftsliv, sjømannskap og handverkskurs.



*Seladon*

Holmen har ei rad lune viker, sandstrender, svaberg, grøne bakkar, lystheilandskap og ei blanding av lauv og bartre på holmen, og utgjer ei perle i Fitjarøyane. Heile holmen er offentleg friluftsområde.

I dei seinare åra er det tilrettelagt mykje for båtutfart og friluftsliv på holmen, med fleire nye bryggjer. Sommaren 2010 vart det arrangert konsert med fleire hundre gjester både på sjø og land.

Utfordringa frametter vert å ta vare på og rehabilitera bygningsmassen, fremja bruk av staden til kulturføremål, og finna balansen mot friluftstilbod og leirskule.

#### 4.5.8 Baroniet Rosendal

"Baroniet Rosendal, Skandinavia sitt minste slott, er det einaste av sitt slag i landet og ein av dei største attraksjonane på Vestlandet. Slottet er mellom anna kjent for den storståtte landskapsparken med rosehagen og for eit rikt kulturprogram med konserter, borggårdsteater, foredrag og kunstutstillingar" I 1927 vart Baroniet Rosendal, slottet med tilhøyrande eigedommar, gitt i gave til Universitet i Oslo. Den Weis-Rosenkronske Stiftelse vart oppretta same året og har sidan den tid vore eigar. I 1990 vart Baroniet oppretta som halvoffentleg museum, i 2003 vart det vedteken som konsolidert museum og inkludert i det nasjonale museumsnettverket. Baroniet består av og har driftsansvar for Slottet frå 1665 med omkringliggende landskapspark, Rosendal avlsgard, Fruehuset, Husmannsplassen Treo, Omshagen, og Hattebergsdalen.



Rosendal Avlsgard



Baroniet Rosendal

#### 4.5.9 Folgefonsenteret, Rosendal

Det nye senteret vil vera ein attraksjon som har VATN som hovudtema. Det kan beskjande læra om naturen frå botn av Hardangerfjorden til Folgefonna nasjonalpark og om klima! Her vil forskingsbasert kunnskapsformidling bli gjort på ein spennande måte med digitale løysingar som vi håpar vekkjer interesse for natur og inspirasjon til friluftsliv.

#### 4.5.10 Sunde kyst- og litteratursenter

Strandstaden Sunde har ei industrihistorie i særeigen målestokk; det er truleg den fyrste staden i Norge med hermetikkindustri. Det har vore arbeidd lenge for å få til eit Kystkultursenter på Sunde. I 2003 blei «Stiftinga Sunde kystkultursenter» etablert med føremål å samla inn å formidla kunnskap om kystkulturen i Kommunen og regionen Sunnhordland.

Kvinnherad kommune har kjøpt Bergslagen (tidlegare sildeoljefabrikk og båtbyggjeri med slipp) og Stiftinga Sunde kystkultursenter står for drifta av senteret. Sunde kyst og litteratursenter, Bergslagen, skal dokumentera og formidla både den materielle kystkulturen og litteraturen, både «båtar og bøker», og være ein læringsarena, eit levande museum og ein samlingsplass i fleire tydingar av ordet. Ein vil arbeida for å ta vare på å utvikla strandstaden Sunde som eit nasjonalt kulturminne gjennom å etablera Sunde kyst og litteratursenter som ein profesjonell institusjon. I 2016 fekk senteret 3 mill til arbeidet.

#### 4.5.11 Rosendal skipsbyggjarmuseum

Rosendal skipsbyggjarmuseum fortel med utgangspunkt i «Skaalurensamlinga» historia om fartybygging i regionen mellom 1850 og 1950. Det vert arbeida med å re-vitalisera museet med ein tidsriktig utstilling særleg retta mot born og unge.

Målsetjinga er: Med utgangspunkt i Skaalurensamlinga vil vi løfte fram den stolte fartøybyggjartradisjonen i regionen. Det skal handla om familiane, folka, historiane, omfanget, bruken av båtane, geografi og tradisjonane si betyding for moderne båtbygging i regionen. Dei besøkjande skal læra korleis ein i hovudtrekk bygde trefarty.

#### 4.5.12 Gruvene på Litlabø

Gruvene på Litlabø, Stordø Kisgruber AS, vart lagt ned i 1968. Venelaget for Gruo og Sunnhordland museum arbeider med å bevare, restaurera og skapa aktivitet i dei nedlagde gruvene og nærområda. I dag er det tilrettelagt med 690 meter nylagde jernbaneskinner, fleire hundre meter reinska stollar/gruvegangar med tilgjenge for rullestolar. I lokomotivstallen står fire diesellokomotiv, tre passasjervogner og ei handikapvogn. Venelaget har fått tilgjengeprisen!

Heishuset er rydda og nymala med nytt varmeanlegg, og vert mykje nytta til festlege samkomer av ulike slag. I huset finn me det første kraftaggregatet frå Børteit kraftstasjon og ei unik samling av fotografi frå gruvemiljøet. Det flotte og ruvande heistårnet er sikra innvendes, og har trapper like til topps. Arbeidet med å sikra tårnet utvendes er kome godt i gang. Venelaget for Gruo ser fram til å opna tårnet for publikum. I parken ved Arbeidarbustaden har Venelaget fått reist eit flott monument i bronse av "gruvearbeidaren", og i det gamle «Kontoret» er det laga aktivitetshus der Stord husflidslag og ulike kunstnarar held til.



Frå Gruvene på Litlabø

I nærområdet er det merka turløyper, og det er tilbod om togтурar, føredrag og omvisingar inne i stollane og i uteområdet etter avtale. Venelaget for Gruo og Sunnhordland museum har samla historie og dokumentasjon om verksemda som var Stord sin største arbeidsplass, og starten på den industrielle utviklinga på Stord og i Sunnhordlandsregionen. Visjonen er at dette "prosjektet" skal vera eit tilbod til folk i regionen og til det regionale reiselivet. Det skal vera eit fyrtårn i Sunnhordlandsbassenget!

#### 4.5.13 M/F Skånevik

M/F "Skånevik" (bygd 1967) er ei freda bilferje. Dette er ein nasjonal status, gjeve av Riksantikvaren i 2006.

Det som var spesielt for denne ferjetypen, var at dei var utstyrt med stor utsiktssalong oppå båtdekk. Dette fordi at ferjene skulle trafikkere på ferjestrekningar med mykje turister. I tillegg var det eit stort promenadedekk bak salongen, slik at ferjene også var godt eigna til å vera ute på. Ein anna ting som blei spesielt på 60-tallet, var respatax som vart brukt i dei fleste ferjene på den tid.

Dette var ein revolusjon med tanke på kor lett det var å halde bordflater og diskar reine Skånevik trafikkerte dei fleste av HSD sine ferjestrekningar før den vart pensjonert og solgt midlertidig til Stiftinga Brørvikskuto, Bergen i august 2004. I mars 2005 vart den overført til Ferjelaget "Skånevik".



Foto: Ferjelaget "Skånevik"

#### 4.5.14 Sunnhordland Museum

Museet vart skipa i 1913 og er distriktsmuseum for dei åtte Sunnhordlands kommunane, i tillegg til den gamle Sunnhordlandskommunen Ølen. Årleg publikasjon er Sunnhordland årbok. Museet har avdelingar; bygdetun, mellomalderruinar og industribygninga i Etne, Ølen, Kvinnherad, Tysnes og Stord. Museet har i alt 49 antikvariske hus.

I administrasjonsbygget på Stord kan ein sjå utstillingar om jordbruk, sjøbruk, drakthistorie, i tillegg til skiftande utstillingar.

Museet har store foto- og arkivsamlingar. Eit godt fagbibliotek er ope for publikum i arbeidstida.

Stord maritime museum i Hamnebygget, Nattrutekaien, har samlingar og utstillingar frå det 20. hundreåret si maritime industriisoge. Halsnøy Kloster har årleg eit stort kulturprogram som tematisk legg vekt på kunst og naturopplevingar. Undervisningsleiaren har opplegg for fleire tusen skulelever årleg. Det vert og skipa til ei rad utstillingar, konserter, kåseri, osv. kvart år. Foto: Sørlinggaard i kommunenettet



Bygningsvernkonseranten og driftsleiar gjev fagleg hjelp og råd i bygningsvernsaker.



Halsnøy Kloster



Stord Maritime museum

Satsingsområda i åra framover vert:

- Vidareføring og spissing av det maritime museet på Stord. Målet er at museet skal bli meir regionalt i si formidling, og vera ein viktig regional møtestad og museumsfagleg kompetansesenter for industriell maritim historieformidling og samlingsforvaltning.
- Restaurering/sikring av ruinar og hageanlegg ved Halsnøy Kloster.
- Oppgradering av samlingar og arkiv, og ei forbetring av magasintilhøva ved museet.
- Utvikling av gruveområdet på Litlabø, med ei oppgradering av formidlinga gjennom fornying av utstilling og digitale hjelpemiddel.
- Utvikling av ei meir deltakande og aktiviserande formidling i alle museet sine avdelingar og anlegg.

Sunnhordland Museum ønskjer å oppgradera administrasjonsbygningen som ligg i Sunnhordlandstunet på Stord. Dette bygget treng ei større rehabilitering og fornying, særleg med tanke på universell utforming, og betre publikumsfasilitetar i form av kafé og butikk. Det er planlagt eit nytt inngangsparti, undervisningsrom og ei ombygging av museet. Museet har utarbeida arkitekteikningar og er midt inne i søknadsprosess. Museet er regionalt ansvarsmuseum for alle kommunane i Sunnhordland, og administrasjonssenteret er difor regionalt.

I tillegg ønskjer museet å utvikla Stord Maritime Museum i snar framtid, mot eit regionalt maritimt industrimuseum med namn SMI, Sunnhordland maritime industrimuseum. Dette vil bli eit slik viktig regionalt senter for maritim teknisk industriisoge. Sunnhordland museum er i dialog med Hordaland fylkeskommune og Stord kommune om dette. Museet skal liggja sentralt i Leirvik hamn og vera eit regionalt anlegg.

#### 4.5.15 Fartein Valen-heimen



Fartein Valen heimen

Heimen til komponisten Fartein Valen er ein av fem komponistheimar i Hordaland og sentral i arbeidet med formidling av Fartein Valen sitt livsverk. Bygget er i privat eige og formidlingsarbeidet blir drive av Fartein Valen-stiftelsen. Valen var prega av landskapet han vaks opp med og ei rekke element i landskapet blir knytt til formidlinga av musikken og livet hans.

Dette er samla i omgrepet «Fartein Valen sitt landskap», som forutan Valenheimen mellom anna omfattar kolerakyrkjegarden i Leirvåg, Valestrand kulturkyrkje, Valen kapell og Einstadbøvoll gard.

Det blir mellom anna arbeidd med å innreia eit arbeidsstudio med tilrettelegging for lyd og bildeopptak i Valestrand kyrkje og husvære for komponistophald i tilknyting Valenheimen.

Det er innreia eit arbeidsstudio med tilrettelegging for lyd og bildeopptak i Valestrand kyrkje. Det blir mellom anna arbeid vidare med husvære for komponistophald i tilknyting til Valenheimen.

#### 4.5.16 Ryvarden Fyr

Ryvarden kulturfyr er ein av dei mest populære utfartsstadene på Haugalandet og i Sunnhordland med meir enn 35.000 besøkjande i året. Kulturfyret har kvalitetsmerket "Olavsrosa". Ny salsutstilling blir opna den første søndagen kvar månad, i perioden frå påske til jul.

På fyret er Galleri Ryvarden, eit kunstatelier og fyrmeisterbustaden som vert brukt til utleie for overnatting. Anlegget er i stadig utvikling og er mykje nytta som friluftsområde også utanom opningstidene i galleriet. Det er mellom anna bygd eit døgnøpe toalett for å tilrettelegge betre for friluftsliv.



Ryvarden fyr

#### 4.5.17 Ferdslevegen og gravområda i Uggdalsdalen

Prosjektet har hatt som føremål å legge til rette for dei unike kulturminna i området for ålmenta.

Område er Hustuft, to store gravfelt, ein gamal veg, to vad og ein geil. Alderen på ferdslevegen er ikkje tidfesta, men den kan vera ein av dei eldste kjente vegane i Hordaland. Hordaland fylkeskommune har no avslutta undersøkinga av røyser i området. Det er Kulturseksjonen i Hordaland fylkeskommune som arbeidar med stadfestinga av alder på denne vegen.

Det er rydda tursti, sett opp informasjonsskilt, bord og benkar. Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Tysnes kommune samarbeidar no for å legge tilrette for parkeringsplass i området.

#### **4.5.18 Onarheim sentrum – Onarheimsgildet m.m**

Onarheim var i forhistorisk tid eit hovdingsete. Garden var vide kjent som møte- og kultstad. Her var tingstad og her vaks etter kvart Olavsgildet fram, truleg med røter i førkristen tid. Onarheimsgildet samla gildebrør frå heile landsdelen. Dei hadde lovar og reglar og var på mange vid kimen til eit regulert samfunn.

Den gamle Onarheimkyrkja frå 1100 talet stod sentralt i gildet. I 1820 vart steinkyrkja delvis riven og bygd om. Den nye kyrkja vart vigsla i 1894.

I samarbeid med kommunen vart det i tidsrommet 2011-2013 utarbeidd ein reguleringsplan som skal sikra ei heilskapleg utviking i bygda. Reguleringsplanen Onarheim sentrum vart vedteken i Tysnes kommunestyre i møte 30.04.2013.

Intensjonen med planen har eit mål om å styrka både den funksjonelle, økonomiske og estetiske kvalitetene i bygda, samt å styrka Onarheim som symbol og felles samlingspunkt for lokalsamfunnet og kommunen. Planen legg til rette for sosiale samlingsplassar som bygdehus i tilknyting til skulen, nærmiljøanlegg, gjennomføring av tusen-års staden med dokumentasjonssenter, sentrumsbygg/OnarTun med forretninga, anna næring og husvære for m.a. fyrstegongs etablerarar. OnarTun er under bygging og vil vera ferdig i siste halvår av 2016.

Tida er no inne for og i samarbeid med m.a kommunen for å arbeid vidare med:

1. Bygdehus i tilknyting til skulen
2. Nærmiljøanlegg
3. Gjennomføring av tusen-års staden med dokumentasjonssenter

#### **4.5.19 Rekkjetunet**

Rekkjetunet i Færavåg representerer ein gammal byggeskikk og levevis. I gardstunet ligg alle bygningane i rekke med fleire samanbygde hus. Eldhus og skytje/stall er bygd saman, så følgjer stabbur, deretter våningshus som er bygd saman med ei stavbygd løe og flor. Storstova i Færavåg er bygd i 1599. Eldhuset skal vera ei gammal årestove, truleg frå 1600-talet.

Rekkjetunet på Færavåg er godt kjend etter at dei i mange år var brukt som "museum" og senter for kulturaktivitetar. Grunna autentisitet og aldersverdi har det gamle tunet og bygningane på Færavåg i dag regional og nasjonal verdi som eit av dei best bevarte rekkjetuna på Vestlandet.

#### **4.5.20 Årbakka**

På Årbakka er kultur frå ei rekke ulike tider samla.

På Årbakkavollen er eit fornminnefelt frå eldre jernalder (0-550 e.kr) med restar etter 20 gravrøyer. Mellom desse er stilt opp ei rekke bautasteinar, ein til tre meter høge. Eit funn frå staden finst i Bergen Museum. Det inneholder eit gravgods (3-400 talet e.kr) med restar av nål, kam, dekorerte bitar av bein, glasbrot, bjørneknør og brende menneskebein.

Årbakka handelsstad, ein klassisk vestlandske handelsstad frå 1898, med handelsbu, smie og sjøbu. I smio har Tysnes kystlag ei kyst- og



Årbakka

motorsamling. Kunstudstillingar i sjøbu og sal av handverksprodukt i krambu i sommarsesongen. Årbakka har gjennom mange år vore ein kjent og attraktiv stad å vitje. Eigar av handelsstanden legg vekt på å vidareføre arbeidet med å gjere området tilgjengeleg for allmenta gjennom aktivitet og bruk av

bygningsmasse. I 2014 vart takkonstruksjonen på hovudhuset rehabilert, der det vart lagt vekt på å behalde bygningen sitt opphavlege tak, som ein del av identiteten til huset.

## **5. ARBEIDET VIDARE**

Skal ein nå måla i denne planen er det viktig at arbeidet vert vidareført. Kvalitet og ei målretta utvikling oppnår ein berre gjennom langsiktig planlegging.

Planen bør i så måte vera ein motivasjonsfaktor for lag og organisasjonar og den einskilde i vidareutviklinga av eksisterande og nye anlegg, slik at fleire anlegg kan oppnå status som regionale. Det er difor viktig å vidareføra arbeidet med jamleg rullering og revidering. Dette bør skje i samsvar med Hordaland fylkeskommune sine retningslinjer, men likevel ikkje reviderast årleg slik som kommunane. Det er etter arbeidsgruppa sitt syn ikkje behov for eller kapasitet til dette.

### **5.1 RULLERING/REVIDERING AV PLANEN**

Planen vil verta rullert kvart fjerde år og revidert kvart åttande år. Med rullering meiner ein mindre vesentlege endringar av planen. Med revidering meiner ein fullstendig gjennomgang, med sluttbehandling i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS og etter handsaming i kommunane.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har ansvar for å setje i gong arbeidet. Det skal utnemnast ei arbeidsgruppe som får til oppgåve å rullera/revidera denne planen, etter eit gitt mandat frå styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Kvar kommune som er ordinært medlem i Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal ha ein representant i denne arbeidsgruppa.

I tillegg vert Friluftsrådet Vest og Bergen og Omland Friluftsråd invitert til å vera med i arbeidsgruppa.

#### **5.1.1 Innspel for å få status som regionanlegg/tiltak**

Det er kvar ein skild kommune som kan koma med innspel i høve til å verta vurdert som regionalt anlegg/tiltak. Det vert difor viktig at kvar kommune informerer om dette til anleggseigar/ utbyggjar, får innspela via sin administrasjon og skaffar den dokumentasjon som arbeidsgruppa treng for å vurdera det einskilde prosjekt. Dette skal skje etter ein frist sett av arbeidsgruppa.

#### **5.1.2 Rullering/revidering av planen**

Gjeldande plan skal rullerast innan 31.12.2020.